

Meland kommune  
v/ Byggesak  
5918 Frekhaug

og Naboar

20.05.2015

Wayne Mark Robbins  
Skarpenesvegen 103  
5918 Frekhaug

**Søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen av kommunenplanen, samt pbl §1-8 strandsone for etablering av tilkomstveg til og terrasse ved fritidsbustad på gbnr 41/20.**

#### **A. søknad om tilkomstveg**

Eigar av fritidsbustad på gbnr 41/20 Wayne Robbins, ønskjer å etablere tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr 41/20. Prinsipptrace er vist på vedlagte kart og vil gå frå kommunevegen via gbnr 41/2 og 42/7 fram til 41/20. Det er gjeve samtykkje og fullmakt frå eigar av 41/2 og 41/7 til etablering av vegen.

Slik dei kommunale karta viser er det allereie etablert ein sti/traktorveg frå løa på gbnr 42/2 og mot gbnr 41/20. Det vil her vere minimale terrenginngrep for å etablere veg. Frå løa og mot kommuneveg vert det og mindre terrenginngrep, då som fylling (Hmaks ca 1,6m) for å kunne nå høgda på kommunevegen.

På eigedomen gbnr 41/20 lyt det etablerast parkeringsplass for 2 bilar. Her vert det og mindre terrenginngrep både som skjæring aust (maks 1,2 m) og fylling vest (maks 1,5 m).

Vegen vil vere omlag 150m lang inkludert parkering på gbnr 41/20, 120 m av vegen vil ligge på gbnr 41/2 og 7. Vegen vil ha ei maksimal breidd på 3,0 m.

#### **Grunngjeving for søknad om dispensasjon.**

Tiltaket vil vere i strid både med LNF føremålet og §1-8 om byggeforbod i strandsona, og det vert søkt om dispensasjon for dette. jf. pbl 19-1 skal søknad om dispensasjon grunngjevast.

1. Dette er eit prosjekt der fleire partar vil kunne ha nytte av tilkomstvegen.

Som eigar av gnr 41/2 og 7 skriv vil etablering av vegen gjere tilkomsten og bruken av deira jordbruksareal betre. Vegen vil og lette tilkomsten til naustet ved sjøen.

For gbnr 41/20 vil etablering av vegen ha stor betydning for deira kvalitet i høve bruk av fritidsbustaden. I dag lyt dei parkere ved kommunevegen, for då å gå på stien ca 150 meter fram til eigedomen.

2. Vegen vil bidra til at prinsippa om universell utforming i større grad vert oppfylt. Vegen vil ha stigning på mindre enn 1:10, som er minstekravet til UU/tilkomst til uteareal. Etablering av kjøyrbar tilkomst til 41/20 vil gjere at eigedomen kan nyttast uavhengig av røysienivå.

3. Store delar av "vegen" er der allereie i dag. Det vert små terrenginngrep. Som nemnd er det allereie etablert sti/traktorveg frå låa og til sjøen. For denne delen av vegen vil terrenginngrepa vere minimale. Også ved del resterande delane av vegen vil terrenginngrepa vere små, spesielt sett i forhold til dei fordelane vegen vil gje.

4. Vegen vil i sær s liten grad vere synleg frå sjø. I forhold til pbl§1-8 og strandsona vil heile tiltaket vere innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Dei største delane av vegen vil ligge aust for åsryggen som strekk seg frå kommunevegen og fram til gbnr 41/20. Denne delen av vegen vil ikkje vere synleg frå sjø. Parkeringsplassen for 41/20 vil kunne skimtast frå inngangen til vågen. Tiltaket vil samstundes ligge bak fritidsbustaden og vil i sær s liten grad påvirke omsyna som pbl §1-8 skal ivareta.

#### **B. Terrasse ved fritidsbustaden.**

Tiltakshavar ønskjer å setje opp terrasse ved fritidsbustaden, med storleik ca 3x10 m, vendt mot sjø. Tiltaket vil vere i strid både med LNF føremålet og §1-8 om byggeforbod i strandsona, og det vert søkt om dispensasjon for dette.

Grunngjeving jf, pbl §19-1:

1. Terrassen vil gje betre brukskvalitet for tiltakshavar
2. Tiltaket vil vere mindre, spesielt sett i høve bustaden.
3. Tiltaket vil verte ein del av eksisterande bustad og ligg bak eksisterande båtnaust, og vil dermed vil ikkje meirprivatisere området mot sjø.



Kjell Reigstad  
Ansvarleg søkjar



Wayne Mark Robbins  
Skarpenesvegen 103  
5918 Frekhaug